

# Kommunale egedomsgebyr - betalingsalternativ

Innkrevjing av alle gebyr (kommunale avgifter og egedomsskatt) skjer i 3 terminar kvart år.

Forfallsdatoar på kommunale egedomsgebyr:

Termin 1 har forfall **20. mars**, og gjeld for perioden 01.01-30.04.

Termin 2 har forfall **20. juli**, og gjeld for perioden 01.05-31.08.

Termin 3 har forfall **20. november**, og gjeld for perioden 01.09-31.12.

## E-faktura



- Med eFaktura mottok du faktura ferdig utfylt rett i nettbanken din. Du slepp å taste inn lange KID-nummer og annen betalingsinformasjon.
- Alt du treng å gjere er å godkjenne fakturaen i nettbanken. Fakturadetaljer kan hentast fram.
- Både innmelding, endring og avmelding av e-faktura ordnar du sjølv i nettbanken.
- Oppretter du eFaktura-avtale med heradet, får du alle faktura frå heradet rett i nettbanken din. Merk at eFaktura-referansen er knytta til kundenamnet på faktura.
- Meir informasjon om eFaktura finn du på: [www.efaktura.no](http://www.efaktura.no).

## Avtalegiro



- Ved avtalegiro vert fakturabeløpet trukket automatisk på forfallsdato, utan at du må hugse på noko.
- Du kan opprette avtalegiro i nettbanken eller ta kontakt med banken. Referansenummer for å opprette avtalegiro står på fakturaen.
- Du kan opprette avtalegiro på faste oppdrag som kommunale egedomsgebyr, barnehage, SFO, husleige, omsorgskrav.
- Meir informasjon om avtalegiro finner du på [www.avtalegiro.no](http://www.avtalegiro.no).

## Kombinasjon av e-faktura og avtalegiro

Dersom du oppretter både avtalegiro for kommunale egedomsgebyr og eFaktura-avtale med heradet, får du faktura opp i nettbanken din, samstundes som faktura vert betalt til forfall utan at du må gjere noko.

## Betaling av fakturagiro pr post

Dersom du får faktura i papirform i posten kan du legge den inn i nettbanken sjølv, bruke brevgiro eller gå i banken. Når du betalar faktura er det viktig at du brukar KID-nummer, for å sikre rask og korrekt handsaming av din innbetaling.